



Arkivsaksnr: 2023/14823-0

Sakshandsamar: Hermund Mjelstad

Dato: 03.10.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Rovviltnemnda region 1	8/2023	27.10.2023

Jakt på gaupe i region 1 i 2024. Vurdering av kvotefri jakt.

Innstilling

1. Rovviltnemnda opnar for kvotefri jakt på gaupe i region 1 i 2024.

Saksprotokoll i Rovviltnemnda region 1 - 27.10.2023

Handsaming i møte

Samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Rovviltnemnda opnar for kvotefri jakt på gaupe i region 1 i 2024.

Saksopplysningar

Politiske føringar og lovverk

Desse dokumenta er lagt til grunn for saksframlegget:

-St.meld.nr. 15 (2003-2004) Rovvilt i norsk natur

-Innst.S.nr 174 (2003-2004)

-Lov av 19.06.2009 nr 100. Lov om forvaltning av naturens mangfold

-Forskrift av 19.03.2005 Om forvaltning av rovvilt

-
- Forvaltningsplan for rovvilt i Region 1, revidert i 2019
 - Data frå overvakingsprogram for rovvilt, Rovdata
 - Rovviltforliket i Stortinget, Dokument 8:163 S(2010-2011) av 16.06.2011

Saksopplysningar

Faggrunlaget er noko usikkert sidan familiegrupper av gaupe blir registrert/talt opp i perioden 1. oktober til 28 (29) februar. Registreringane er avhengig av gode sportilhøve og for region 1 er det sjeldan stabile tilhøve før nyår. Bestandstala for heile landet kan difor endre seg frå i dag og til gaupejakta startar 1. februar 2024.

Tal frå Rovdata viser at gaupebestanden er høgere enn i 2022/2023 og er over det nasjonale bestandsmålet på 65 familiegrupper. Rovdata reknar med det vil vere 76 familiegrupper i landet før jakta startar 1. februar 2024, mot 63 familiegrupper før jakta i 2023. Dei regionane som grenser til region 1 ligg alle på eller over deira eigne regionale bestandsmål.

På Raudlista over trua arter er gaupe plassert i kategorien sterkt trua. Hovudgrunnen var (i 2021, som i 2015) tilbakegang i Sverige som betyr mindre innvandring til Noreg. Etter denne tid har bestanden i Sverige auka noko, for så å minke igjen, og har no dei siste år auka igjen frå 213 familiegrupper til 246 sist vinter og er om lag uendra i år med 242 familiegrupper. Totalt er det i storleik ca. 421 gauper i Noreg og ca. 1838 i Sverige i år. På bakgrunn av den relativt svake bestanden i Noreg blir gaupe framleis vurdert som sterkt trua.

I region 1 er det ikkje fastsett nasjonale mål for gaupe, og nemnda vil difor alltid ha mynde til å vedta gaupejakt. Etter rovviltforskrifta skal gaupejakta vere kvoteavgrensa, men det kan gjerast unntak ved å fastsette kvotefri jakt i visse høve, jf. forvaltningsplanen. Rovviltnemnda har kvart år vedteke kvotefri jakt på gaupe i heile regionen. Jakttida er februar og mars.

Vurdering

Sekretariatet vil for 2024 ikkje rå ifrå kvotefri jakt i regionen. Når tal familiegrupper av gaupe aukar i tilgrensande regionar vil førekomsten av gaupe og auke i region 1. Skadepotensialet er stort i regionen, og vi er den regionen med flest sau på utmarksbeite. Det er uansett låg terskel for å tildele skadefellingsløyve på gaupe som gjer skade i beitesesongen. Det er i 2022/2023 ikkje registrert familiegrupper i region 1, men gaupe finst spreidd innafor heile regionen. Bestanden er liten, og det er i hovudsak streifande hanndyr, med få unnatak, som blir felt. Dersom gaupebestanden går under bestandsmålet for landet, og/eller i våre tilgrensande regionar, vil det vere naturleg at nemnda vurderer kvotejakta på nytt.

I rovbasen er det ingen registrerte gaupeskadur i 2023. Det er heller ikkje søkt om, eller tildelt skadefellingsløyve på gaupe i regionen i år.

Naturmangfaldlova § 8 viser til at offentlege avgjerder så langt det er rimeleg skal bygge på vitenskapleg kunnskap om artane sin bestandssituasjon. Kunnskapen om bestanden av gaupe i

Noreg er god, og er etter vårt syn, tilstrekkeleg til å kunne fastslå at kvotefri jakt i region 1 ikkje vil ha avgjerande verknad på det nasjonale bestandsmålet. På grunnlag av den spesielle forvaltningsmessige situasjonen som region 1 har, utan fastsett bestandsmål for gaupe, finn vi at naturmangfaldlova § 9 -12 og § 16 ikkje krev særskilte vurderingar her. Når det nasjonale bestandsmålet er nådd med god margin, er det rimeleg å anta at kvotefri jakt i region 1 ikkje vil ha negative konsekvensar for bestanden. På denne bakgrunn vil derfor sekretariatet rå til kvotefri jakt i 2024.

Det skal ikkje vere automatikk i at nemnda vedtek kvotefri gaupejakt kvart år. Nemnda har vedteke slik jakt kvart år sidan nemndene vart oppretta. Unntaket var i 2023 der nemnda vedtok ikkje å ha kvotefri jakt, med hovudgrunn at det nasjonale bestandsmålet ikkje var nådd.

På kvotejakta blir det felt om lag ein gaupe eller to kvart år, også hogauper, dei aller fleste i den sørlege delen av regionen. Dette er naturleg i og med at dei fleste gaupene vil vandre inn frå tidl. Aust-Agder. Felling av hogauper vil, når det nasjonale bestandsmålet ikkje er nådd, kunne verke direkte inn på det nasjonale bestandsmålet.

Konsekvensane av kvotefri gaupejakt vil truleg vere at skadeomfanget held seg lågt, og regionen bidreg då heller ikkje til å auke den totale gaupebestanden i landet.

Uansett vedtak så må vedtaket spegle m.a. rovviltforliket, der Miljøverndepartementet i 2011 presiserte følgjande:

«Uttak i prioriterte beiteområder

Av rovviltforliket i 2011 fremgår det at uttak av dyr som gjør skade på beitedyr i prioriterte beiteområder skal gjøres raskt, og at i slike områder skal miljøforvaltningen i større grad enn i dag bidra til å effektivisere slikt uttak. Videre fremgår det at det ikke skal være rovdyr som representerer et skadepotensial i prioriterte beiteområder for husdyr og kalvingsområde for tamrein.»

«Areal differensiering

Av rovviltforliket i 2011 fremgår det at soneinndelingen må forvaltes tydelig. Det vil si at det skal være forvaltningsmessig ulik praksis i henholdsvis prioriterte rovviltområder og prioriterte beiteområder. Et prioritert beiteområde er de deler av en forvaltningsregion hvor rovvilt nemnden ikke ønsker etablering av yngling av rovvilt, og områder hvor beitedyr følgelig skal gis tydelig prioritet fremfor rovvilt. I prioriterte beiteområder skal det praktiseres en lav terskel for tillatelse til uttak av rovvilt for å avverge skade på husdyr og tamrein, jf. også omtale i punktet over om uttak av rovvilt i prioriterte beiteområder.»

Fylka i region 1 praktiserer låg terskel for uttak av skadegjerande individ, i tråd med dei føringane som ligg til grunn her.

